
Vår referanse 2020/76757-2
Dato 08.12.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - landbrukssak - gnr. 86, bnr. 2 - Ones - Alver kommune

Vi viser til brev datert 12.11.2020 i samband med søknad om bygging av landbruksveg og på gnr. 86, bnr. 2 i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at traseen eller grøfting kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. Eit stykke sør for det omsøkte tiltaket er det funne gjenstandar frå jernalder og middelalder (Askeladden id. 97743), men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vart likevel vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift